



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Oppnemning av setjestatsforvaltar - Alver - 148/3 - Lilleskaret - arealoverføring - dispensasjon

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 07.07.2021. Saka gjeld vedtak om dispensasjon frå LNF-formålet i kommuneplanen og byggjeforbodet i 100-metersbeltet for arealoverføring frå gnr. 148 bnr. 3 til gnr. 148 bnr. 10.

Alver kommune gav avslag på søknad om dispensasjon for arealoverføring i vedtak datert 06.11.2021.

Tiltakshavar klaga på avslaget. Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 24.03.2021 der klagen vart tatt til følgje og det vart gjeve dispensasjon for arealoverføring.

Statsforvaltaren i Vestland klaga på vedtak gjort av Utval for areal, plan og miljø i brev mottatt 20.04.2021.

Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 23.06.2021, der vedtak gjort av utvalet den 24.03.2021 vart oppretthaldt og klagen er ikkje tatt til følgje.

Vi kan ikkje sjå at det er gjev utsett iverksetting av vedtaket.

Vi ber om oppnemning av setjestatsforvaltar for handsaming av klagesaka.

Statsforvaltaren i Vestland sender saksdokumenta direkte til setjestatsforvaltaren etter oppnemning.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar



Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Alver kommune Postboks 4 5906 FREKHAUG

Ørjan Lilleskare Ikenberget 21 A 5911 Alversund

Kristoffer Lilleskare Åsane Senter 22 5116 ULSET